



Ståle Tonheim  
Melandsvegen 238  
5918 FREKHAUG

Dykkar ref.  
Vår ref. RIL

Journalp.ID 13/1705  
ArkivsakID 13/217  
GBNR-9/47,56, N-  
Arkiv nr. 547.1

Dato 30.01.2013

### FØRESPURNAD OM VASSLEIDNING FRAM TIL GNR. 9, BNR. 47 OG 56

Meland kommune mottok i desember melding om at det var vasslekkasje på ein leidning som gjekk fram til Dykkar eigedom, gnr. 9, bnr. 47 og 56, Mjukebakkane 12B. Kommunen hadde ute folk frå drift- og vedlikehaldsavdelinga som då stengde av vatnet.

Me har sett gjennom våre arkiv og funne at det i 2003 vart søkt om utslepp frå ein fritidsbustad, samt tilkopling til kommunalt vassverk. Saka vart handsama 23.05.2003, sak 181/03, og det vart gjeve avslag på søknaden. Kopi av sakspapiret følgjer vedlagt.

Meland kommune ber om tilbakemelding/forklaring om denne leidningen innan 18. februar 2013.

### Plan, utbygging og kommunalteknikk

Anny Bastesen  
Sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
Konsulent

Vedlegg.

Meland Kommune  
Teknisk etat

Ståle Tonheim  
Melandsvegen 238  
5918 Frekhaug

90556726  
[Staaton@hotmail.com](mailto:Staaton@hotmail.com)

MELAND KOMMUNE

- 4 MARS 2013

Jnr. 13/3736 Saksh. RIL  
Ark. 9/47,56 Ark.del \_\_\_\_\_  
Saksid. 13/217-2

## Vedrørende vannledningsbrudd i Mjukebakkane12B

Beklager sent svar.

Jeg har vært nødt til å konferere med min far som har disponert denne eiendommen for å få detaljer rundt saksgangen. Dessverre så fikk han et hjerneslag for et år siden og er ved generelt dårlig helse. Han ligger pr i dag på Haukeland. Det har derfor tatt sin tid.

Jeg ser fra korrespondansen du har vedlagt, - mellom Sigmund og kommunen, at det er søkt og gitt avslag. Jeg mente at dette var ordnet siden Sigmund på samme tid koplet hytten til vann og har ikke tenkt noe mer over det før nå.

Sigmund Skråmestø(rørlegger), Åge Walde(utbygger) og min far hadde en god tone og som jeg har forstått, dratt nytte av sine kontaktnett og samlet erfaring i disse sakene. Iflg min far var det mange uklarheter ifm kjøpet av denne fritidseiendommen. Det var derfor naturlig for meg å overlate det administrative og formelle til min far siden han har lang fartstid i yrket og tid til overs til å sette seg inn i sakene. I etterkant ser jeg klart at dette burde ha vært handtert på en annen måte. Mange muntlige avtaler ble gjort som i etterkant har vist seg å ikke kunne verifiseres. Det hjelper ikke at både Åge Walde og Sigmund Skråmestø ikke lenger lever. Når det er sagt så er det jeg som eier denne hytten og selvfølgelig jeg som har det endelige ansvaret.


Eiendommen er pr i dag tilknyttet vann og jeg er usikker hva jeg skal foreta meg videre.

Kan det søkes i etterkant?

Når det gjelder septikk og utslippstillatelse så er ikke fallet fra vei til hytten så stort at en vanlig slambil ikke kan gjøre jobben. Utstyret er jo blitt vesentlig bedre siden den gang. Båt er helt i alle tilfeller helt unødvendig slik jeg ser det.

Med vennlig hilsen,

Ståle Tonheim



# MELAND KOMMUNE

## SAKSPAPIR

<b>Styre, komite, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Sbh.</b>	<b>Saknr</b>
Delegasjonsvedtak kommunalteknikk, miljø, landbruk	23.05.03	ALM	181/03

<b>Avgjerd av:</b> Kommunalsjef	<b>Ansv.</b>	<b>Arkiv:</b>	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Saksbeh.:</b> Anne Lise Molvik	JHB	546.5/547.1	2003000900
		<b>Objekt:</b> 9-47,56	

**SØKNAD OM UTSLEPP FRÅ FRITIDSBUSTAD OG SØKNAD OM  
TILKOPLING TIL KOMMUNALT VASSVERK PÅ HJERTÅS - GNR. 9, BNR.  
47, 56.**

### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
4	I	23.03.03	Sigmund Skråmestø rørleggarforretning	KONTROLLERKLÆRING.
1	I	23.03.03	Sigmund Skråmestø rørleggarforretning	SØKNAD OM TILKOPLING TIL KOMMUNALT VASSVERK - GNR 9 BNR 47,56.
2	I	23.03.03	Sigmund Skråmestø rørleggarforretning	SØKNAD OM GODKJENNING AV FØRETAK.
3	I	23.03.03	Sigmund Skråmestø rørleggarforretning	SØKNAD OM ANSVARSRETT - UTVENDIG VASSLEIDNING.
5	I	23.03.03	Sigmund Skråmestø rørleggarforretning	OVERORDNET KONTROLLPLAN
6	I	28.03.03	Ståle Tonheim	SØKNAD OM UTSLEPPSLØYVE - GNR 9 BNR 47,56

### Saksutgreiing:

Det vert søkt om utsleppsløyve og tilkopling til kommunalt vassverk for fritidsbustad på gnr. 9 bnr. 47,56. Det skal installerast vassklossett. Avløpet er tenkt ført til sjø via slamavskiljar, slik vist på kart stempla motteke 28.03.03.

### Vurdering:

Minimum krav ved utslepp av sanitært avløpsvatn er rensing via slamavskiljar og tilknytning til tvungen kommunal slamtømmeordning. Regelmessig tømning av slamavskiljaren er nødvendig for at denne skal fungera tilfredsstillande. I område der det ikkje er mogeleg å tømma slamavskiljaren bør ein heller vurdera alternative løysingar som t.d. biologisk klosett og utslepp av gråvatn via slamavskiljar. Det kan også gjevast utsleppsløyve dersom eigar

dokumenterer at slamtømming vil bli gjennomført med t.d. ferje. og at slammet vert deponert på godkjend deponi.

Renovatøren kan tømme tankar som ligg inntil 100 m frå køyrbar veg og med ein løftehøgde inntil 10 m. Eigedomen ligg i eit svært bratt terreng der høgdeforskjellen mellom vegen og slamavskiljaren er om lag 20 m, slik at tilknytning til slamtømmeorninga ikkje er mogeleg.

Administrasjonen kan ikkje sjå at den omsøkte avløpsløysinga stettar krava i gjeldande regelverk og søknaden må difor avslåast.

Det kan ikkje gjevast løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg før eigedomen har godkjend utsleppsløyve.

#### **VEDTAK:**

I medhald av Forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg, § 4, vert det **ikkje** gjeve utsleppsløyve for fritidsbustad på gnr. 9 bnr. 47,56 slik omsøkt.

Gnr. 9 bnr. 47,56 ligg i bratt terreng med store høgdeforskjellar slik at krava til slamtømming ikkje kan oppfyllast.

Det kan ikkje gjevast løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg før eigedomen har godkjend utsleppsløyve.

Avgjerda er gjort etter fullmakt. Vedtaket kan påklagast i samsvar med § 27 i forvaltningslova, sjå vedlegg.

#### **Rett utskrift**

**Dato:**

**Kopi til:**

Sigmund Skråmestø rørleggarforretning  
Ståle Tonheim